



31 MAI 2007

Bjerkreim kommune
Landbruk, miljø og teknikk

200705587-1 ERH



A: 311 / 027.32

X-ref. 200600343

NVE - Region Sør
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Dykkar ref:

Vår ref:
06/00117-10

Saksbeh:
Anette Espedal,

Arkivkode:
S11

Dato:
29.05.2007

Melding om vedtak: Søknad om oppføring av mikrokraftverk på gnr. 30, bnr. 5 - Olaf Gjedrem

Viser til søknad om dispensasjon fra kommuneplanen, datert 21.03.07.

Bjerkreim formannskap har i møte 21.05.07 gjort følgende vedtak:

I medhald av PBL § 7 gir Bjerkreim kommune dispensasjon fra føremål i kommuneplanen til oppføring av omsøkt mikrokraftverk med tilhørende leidningstrase og inntakskummar på gnr 30, bnr 5.

Jfr. vedlagte kopi av saksframlegget.

Dette vedtaket kan påklagast etter reglane i § 28 i Forvaltningslova. Ei eventuell klage må vera skriftleg og grunngitt, og må vera Bjerkreim kommune i hende innan 3 veker frå dette brevet er motteke. Partane har òg rett til dokumentinnsyn etter § 18 i Forvaltningslova.

Med helsing
Bjerkreim kommune

T. J. Gjedrem
for Anette Espedal
Ingeniør

Sendt til:
Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelingen
Leif Gjedrem
NVE - Region Sør
Olaf Gjedrem
Rogaland Fylkeskommune

Postadresse: Postboks 17
4389 VIKESÅ
Kontoradresse: Heradshuset i
Bjerkreim
E-post: postmottak@bjerkreim.kommune.no

Telefon: 51 20 11 00
Telefaks: 51 20 11 01

Bankgiro: 3344.07.00158



Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskapet	21.05.07	047/07

Sak: Søknad om oppføring av mikrokraftverk på gnr. 30, bnr. 5 – Olaf Gjedrem

Vedlegg:

Situasjonskart i målestokk 1:3000

Situasjonskart i målestokk 1:500

Opplysninger

Olaf Gjedrem søker om godkjenning for planane sine som gjeld oppføring av eit mikrokraftverk i Nadabekken på gnr 30, bnr 5. Plasseringa er vist på vedlagte situasjonskart. 24.10.06 fekk tiltakshavar godkjent planane sine hjå NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat) med eit vedtak på at prosjektet ikkje er konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8.

Kraftverket skal nytte eit fall på 115 meter i Nadabekken, ein tilløpsbekk til hovudelva i Bjerkreimsvassdraget på vestsida av elva ved Gjedrem. Middelvassføring ved inntak er om lag 59 l/sek. Slukeevna til kraftverket er 110 l/sek, tilsvarende 186 % av middelvassføring. Det skal installerast ein generator som maksimalt yt 90 kW. Midlare årsproduksjon er utrekna til 0,33 GWh med ei driftstid på om lag 5800 timar pr. år.

Det er vidare planlagt ein inntaksdam på om lag 10 m³ i nedre kant av eit myrområde. Tiltakshavar opplyser at han vil grave ned nokre betongkummar og nytte desse som inntak. Røyrkata skal gravast ned i full lengde, delvis i utmark, delvis på gjødsla beite. Kraftstasjonen er planlagt i kanten av bekken eit stykke ovanom E-39. Vatn frå kraftstasjonen vert så slept i bekken att.

Fylkesmannen gav ein uttale til planane i brev av 09.10.06 til NVE i ei vurdering om tiltaket var konsesjonspliktig. Fylkesmannen meiner det kan la seg gjere å realisere dette kraftverkprosjektet utan at det skadar vassdragsvernet eller går ut over allmenn interesser. Men utbyggjar må vera særleg merksam på at inntakskum plasserast og ordnast slik at vassnivået i myra ikkje vert endra/drenert. Kummen må og plasserast til sides for bekkelaupet slik at dette vert liggjande urørt. Det er og ein del fjell i dagen omkring inntakspunktet og langs den øvste delen av røyrkatetraseen. Fylkesmannen føreset at bygging av inntaksmagasin og legging av vassrøyr kan gjerast utan sprenging i fjell.

Kraftverket med tilhøyrande røyrgate og kummar skal plasserast i LNF-området. Tiltakshavar søker derfor om dispensasjon frå kommuneplanen til å gjennomføra planane. Sjå vedlagt situasjonskart for plassering. Fylkesmannen har på nytt fått høve til å uttale seg i saka i forhold til føremål i plan. I brev av 11.01.07 viser dei berre til tidlegare korrespondanse i saka og har ingen merknader utover dette.

